



**Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Norsk fjellsenter
Brubakken 2, 2686 Lom
Luster kommune,
Kommunehuset, 6868 Gaupne

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47
fmoppost@fylkesmannen.no
<http://www.nasjonalparkstyre.no/jotunheimen>

Høringspartar

Saksbehandlar Magnus Snøtun

Vår ref. 2018/4659

Dykkar ref.

Dato 06.09.2018

Memurubu kraftverk - Orientering til høyringspartane

Generelt

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen er forvaltningsmyndigheit for verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark. Etter §33 2.ledd i vassressurslova erstattar behandling etter verneforskrifta NVE si behandling etter vassressurslova. Ein eventuell dispensasjon frå verneforskrifta vil også erstatte ein konsesjon. NVE skal likevel gjere ei vassdragsteknisk vurdering av sikkerheit og miljø i samband med detaljprosjektering. Tiltaket vil også krevje godkjenning etter plan- og bygningslova som kommunen er myndigheit for og ei vurdering etter laks- og innlandsfiskeleva som fylkeskommunen her er forvaltningsmyndigheit for.

Handsaming av søknaden fram til endeleg vedtak

Dette er ei spesiell type sak for nasjonalparkstyre å behandle. For å gjere grunnlaget for saka best mogleg opplyst, gjennomfører nasjonalparkstyre ein høyringsrunde slik som er vanleg i samband med kraftutbyggingsaker utanom verneområde.

Søknaden vert nå sendt på høyring til kommunar, fylkesmenn, fylkeskommunar, statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som søknadane vedkjem. Høyringsperioden er sett til åtte veker. Ein eventuell søknad om utsett frist må vere grunnigjeven.

Nasjonalparkstyret ventar at høyringspartane gir fråsegn på sjølvstendig grunnlag. Søkjar kan ikkje vente å få utsett frist, dersom det kan forseinke sakshandsaminga. Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før Nasjonalparkstyret slutfører behandlinga. Grunna sesongslutt vert det gjennomført ei ope synfaring (førebels sett til 25.september – sjå nettsida) i høyringsperioden kor tiltakshavar går gjennom planane på staden.

Memurubu kraftverk vart sett i drift før etablering av Jotunheimen nasjonalpark. Det er ein spesifikk dispensasjonsregel i verneforskrifta knytt til oppgradering/fornyng av kraftanlegg (§3 pkt. 1.3 j). Det vert førebels vurdert at utviding av kraftverket (ny påverka strekning i vassdraget, forlenging av røyrgate) ikkje vert omfatta av dette. Saka må då bli vurdert etter den generelle dispensasjonsregelen i §4 i verneforskrifta som viser til §48 i naturmangfaldslova. Det er spesifikke reglar knytt til dispensasjon etter denne regelen: *«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig».*

Dersom nasjonalparkstyret gir løyve, blir det knytt vilkår til eit slikt løyve. Vilkår vil kunne omfatte mellom anna vasslepp, naturforvaltning, kulturminne, frist for bygging og sanksjonar ved eventuelle brot på vilkåra.



Kva forventar nasjonalparkstyret av høyringspartane?

Nasjonalparkstyret ønskjer mest mogleg konkrete synspunkt på om løyve bør bli gitt eller ikkje, val av eventuelle alternativ og forslag om avbøtande tiltak. Fråsegner om energipolitikken til styresmaktene på eit generelt grunnlag, er av avgrensa nytte i sakshandsaminga. Dersom partane er kjend med tilhøve som det ikkje er opplyst om i tilstrekkeleg grad i søknaden, ønskjer nasjonalparkstyret opplysningar om det. Det blir forventa at fylkesmenn og andre styresmakter gir fråsegn med utgangspunkt i sine høvesvise ansvarsområde. Fråsegnene, opplysningane i søknaden og retningslinene knytt til verneforskriftene er viktige for vurderinga og vedtaket til nasjonalparkstyret.

Retten til motsegn og klage

Til skilnad frå eit konsesjonsløyve etter vassressurslova, er plan- og bygningslova sidestilt med verneforskrifta og ein treng derfor løyve også etter denne. Det blir lagt opp til parallell behandling med kommunen, men krav til søknadsgrunnlag kan avvike noko. Både eit enkeltvedtak etter verneforskrifta og plan- og bygningslova kan påklagast. Partane kan klage på nasjonalparkstyret sitt vedtak til Miljødirektoratet adressert til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen innan 3 veker frå det tidspunkt dei tok mot orientering om vedtak. Klage på kommunen sitt vedtak etter plan- og bygningslova stilast til Fylkesmannen i Oppland etter dei same reglane. Nasjonalparkstyret syner til kapittel VI i forvaltningslova om klage og omgjering.

Med helsing

Magnus Snøtun
nasjonalparkforvaltar